



**Praksisplan for
Oltedal skole
2023-2024**

Oltedal skole

Klart me kan!

Samarbeid
Positivitet
Empati
Selvkontroll
Ansvar
Leik og moro

Velkommen til praksisperiode hos Oltedal skole.	4
Om skolen vår	5
Tilsette, kontaktinformasjon og nøkkelpersonar	5
Rammer på skolen og kart over Oltedal	6
Dagsplan på skolen	7
Plan for første dag på Oltedal skole.	8
Forventningar til deg som student	9
Praksisstudiet	10
Læringsmål	10
Innhald	10
Vurdert og rettleia praksis	14
Variert praksis, Arbeidsmåtar	15
Progresjon	16
Kva kan personalet hjelpe deg med	17
Vedlegg	20
Kompetanseplan ved Oltedal skole	20
Ordensreglement for Oltedal skole	20
Oltedal skole sin mobbeplan	20

Velkommen til praksisperiode hos Oltedal skole.

Det er ei glede å ønske deg velkommen som praksisstudent ved Oltedal skole. Vi er stolte over å vere praksisskole og vi vil gjere det vi kan for at det skal vere lærerikt å vere hos oss. Eg håpar at du gjennom praksisperioden din hos oss vil få gode utviklingsmoglegheiter.

Du vil møte engasjerte praksislærarar som jobbar for at du skal få godt utbytte av perioden din her. Som praksisskole er vi opptekne av at alle som er ansatt ved skolen har eit ansvar for at du får ein god praksisperiode. Det håpar eg at du vil merke på ein positiv måte.

Visjonen til Oltedal skole er "Klart me kan!" Som praksisstudent ved Oltedal skole vil visjonen òg gjelde deg. Klart du kan, vil vere eit viktig fokus og utgangspunkt for perioden din hos oss.

Vi arbeider for at Oltedal skole skal vere ein god arbeidsplass og skole for alle. Elevane sitt læringsutbytte skal bli best mogleg etter sitt nivå, både fagleg og sosialt. Gjennom din praksisperiode ved Oltedal skole ønskjer vi at du skal ha visjonen med deg i det arbeidet du skal vere ein del av her.

Mål: "Elevane skal få best mogleg læringsutbytte."

Dette er eit kontinuerleg mål, og Oltedal skole har arbeidd med nokre satsingsområde som skal hjelpe oss mot målet. Med auka kompetanse og fokus på desse områda trur vi dette vil føre til betre læring hos den enkelte elev.

Våre satsingsområde er:

Klasseleiing

Anerkjennande læringsmiljø

Lokalt læreplanarbeid

I praksisperioden vil vi gjere deg kjent med desse satsingsområda, og du vil sjå korleis våre lærarar jobbar innanfor desse.

Forsking viser at læraren er den viktigaste ressursinnsatsen i skolen. Ein god lærar kan få elevane til å trivast og utvikle seg. Eg håpar at din praksisperiode ved Oltedal skole vil gje deg nyttig læring og godt utbytte i utdanninga di til å bli ein god lærar. Skolen ønskjer at alle våre studentar skal oppleve at dei blir sett, får utfordringar og god fagleg rettleiing den tida dei er hos oss.

Mvh.

Målfrid Heien Førde

- rektor -

Om skolen vår

Oltedal skole ligg i Oltedal i Gjesdal kommune, om lag 11 km frå Ålgård.

Vi er ein 1-10 skole som har for tida 179 elevar.

Målforma er nynorsk, men på ungdomsskolen får elevane sjølv velje målføre.



Oltedal skole sin visjon er "Klart me kan", og vi arbeider med å skape best mogleg læring for elevane.

I **personalet** har vi 26 tilsette. Vi har lærarar, miljøarbeidarar, miljøveileदारar, skolesekretær, spesialpedagog og SFO - leiar.

Kontaktinformasjon

Heimeside: www.minskole.no/oltedal

Telefon: 51 61 48 00

Adresse: Oltedal skole,

Bygdaveien 56, 4333 Oltedal

Skolen kan vere behjelpeleg med skyss dersom du treng det.



Oversikt over nøkkelpersonar i praksisperioden:

Praksislærar: Karl Bredenbekk Tlf: 97 50 96 42

Epost: karl-br@gjesdalskolen.com

Praksislærar: Hege Gilje Stokke Tlf: 95 76 81 64

Epost: hege-gs@gjesdalskolen.com

Rektor: Målfrid Heien Førde Tlf: 41 57 01 54


Epost: malfrid-f@gjesdalskolen.com

Assisterande rektor: Andrè Skjærpe Tlf: 91 76 86 17

Epost: andre-sk@gjesdalskolen.com

Rammer på skolen

- På Oltedal skole har vi prosjektorar i alle undervisningsrom. Alle elevane ved Oltedal skole har kvar sin Chromebook. Som student ved Oltedal skole får du få låne Chromebook sånn at du kan logge deg inn og få tilgang i Classroom og anna som du treng for å planleggje og gjennomføre undervisning.
- Skolen har eitt bibliotek med både skjønnlitteratur og faglitteratur.
- Nærområdet kring skolen er variert og vakkert, og vert i mange situasjonar nytta i undervisninga. Vi har vatn, elv, fjell og skog like utanfor døra, noko som innbyr til aktivitetar utandørs med elevane.



Dagsplan på skolen

klokka	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
08.00-09.00	1. time				
09.00 - 09.10	friminutt				
9.10 - 10.10	2. time				
10.10 - 10.25	Matpause				
10.25 - 10.45	Matfriminutt				
10.45 - 11.45	3. time				
11.45 - 11.55	friminutt				
11.55-12.55	4. time				
12.55 - 13.05	friminutt				
13.05-14.05	5. time	Utviklingstid	5. time		
14.10 - 15.20	Annakvar måndag: - partalveke 14.10-15.15 team - oddetalveke 14.10 - 14.45 team og samarbeidstid .14.45-15.15	Utviklingstid (13.05-15.20)			

Forventningar til deg som student

- Hos oss ønskjer me å kle oss på ein nøytral måte som ikkje vekker for mykje oppsikt. Grunngevinga for det er at me sloss for at elevane skal ha fokus på skole og læring.
- Hos oss ønskjer me at mobiltelefon ikkje står på i timane, ut frå den same grunngevinga som det fyrste punktet.
- Hos oss har me ein språkbruk som ikkje inneheld banneord slik at elevane høyrer det. Me snakkar rolig og bestemt til elevane når dei vert snakka til rette.
- Hos oss ønskjer me at tilsette og studentar ikkje skal vere ven med elevar på ulike sosiale media. Det handlar om den profesjonelle lærarrolla.
- Du må sette deg godt inn i, og skrive under på teieplikta, og passe på at du held denne. Det betyr at du ikkje kan snakke om elevar her på skolen til nokre andre enn tilsette her på skolen. Hos oss snakker me heller ikkje om elever/elevsaker på personalrommet eller i fellesområder men finn egna stad og tid til dette.
- Progresjon/deltaking: Me har ein forventning til deg som student at du skal ha ein positiv utvikling her hos oss, slik at du stadig søker nye utfordringar etter kvart som du oppnår meistring. Det gjeld både i klasserommet, men også andre deler av lærarprofesjonen.
- Hos oss har me samarbeid som ein del av vårt verdigrunnlag. Derfor er det viktig for oss at du så godt du kan prøver å samarbeide med alle tilsette på ein fleksibel og smidig måte.
- Arbeidstida di er 07.30 - 15.30, måndag - fredag, i dei vekene du er hos oss. Me har ein forventning om at du møter presis. Fråvær må bli meldt til praksislærer mellom kl. 7.15 - 7.30. Event til administrasjon dersom praksislærer ikkje er tilgjengeleg. Alt fråvær frå praksis må du ta igjen ved eit anna høve.
- Vaksenrolla: Når du arbeidar med barn og unge er det viktig at du er ein tydeleg vaksen i dette møtet. Det inneber at du kan møte elevane med respekt og empati, og snakke til dei på ein rolig og vaksen måte, med god kontroll på eigne følelsar. Hugs at me driv danning av dei unge.
- Førebuing: Me forventar at du møter førebudd til kvar ny dag her på skolen i praksisperioden din. Då må du ha ein plan for dagen din, og vite kva du skal gjere. Planen skal vere ein didaktisk tekst til den undervisningsøkta som du eller studentgruppa di skal ha seinare på dagen.
- **FØR PRAKSISPERIODEN:** Skriv eit lite notat om dine forventningar til praksis på Oltedal skole. Ta med eventuelle tidlegare tilbakemeldinger - frå andre praksislærarar.



Plan for første dag på Oltedal skole

Møte med leiinga

- Velkommen til skolen
- Praktisk informasjon
- Gjennomgang av "Sammen om det gode læringsmiljøet" - plakaten
- Utdeling av nøklar, datatilgang og anna naudsynt materiell
- Omvisning på skolen, både i bygningane og utandørs
- Presentasjon av dei ulike klassane studentane skal vere innom

Presentasjon for dei tilsette ved skolen.

Møte med praksislærarane + klassane

Vere med i undervisning

Presentere seg for klassane

Observere



Praksisstudiet

I løpet av praksisperiodane ved Oltedal skole vil du få vere med på mykje forskjellig. Som lærarar er vi "In charge of anything" og vi meiner difor det er viktig at du som student får ta del i våre varierte arbeidsveker.

Læringsutbyttet i praksisstudiet på Oltedal skole byggjer på føringar henta frå:

- Nasjonal forskrift om rammeplan for grunnskoleutdanningene
- Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningene 1.-7.trinn/5.-10.trinn
- Studieprogramplan UiS, 1.-7.trinn og 5.-10.trinn.

Læringsmål

Målet i praksisstudiet er at du som student skal lære å bli lærar og at du skal tileigna deg kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse frå Rammeplanen. Dette vil vi på Oltedal skole vere med å bidra til. Læringsutbytteformuleringane vil ha ulikt fokus i studieåra, og følgja ein fastsett progresjon.

- | | |
|----------------|---|
| 1. studieår | Skolen, eleven, læring, lærarrolla og lærararbeidet |
| 2. studieår | Elevmangfaldet og eleven si læring, Begynneropplæringa |
| 3. studieår | Kontaktlærarrolla, Psykososialt læringsmiljø og skolen som organisasjon |
| 4.-5. studieår | Forskning og utviklingsarbeid |

Vi skal leggje til rette for at du når måla i henhold til Rammeplanen for grunnskolelærerutdanningane 1.-7.trinn og 5.-10.trinn. Vi ønskjer å synleggjere meir inngående kva mål du skal tileigna deg i dei ulike studieåra og kven som har ansvar for måla i eige vedlegg, *Kompetanseplan ved Oltedal skole*.

Innhald

Når du kjem til Oltedal skole, vil du bli kjent med temaplanane og andre arbeidsdokument som vi jobbar med. Med utgangspunkt i desse, skal du saman med praksisgruppa di og praksislærar, laga ein gruppebasert plan for undervisningspraksisen som legg vekt på individuelle og gruppebaserte ønskjer - kva for fag de ønskjer praksis i og kva for tema de ønskjer å bli betre kjend med. Du vil få oppleve at læreryrket er eit krevjande og komplekst yrke som er prega av mangfold og økt krav til kompetanse. Hos oss ønskjer vi å gå saman med deg for å famne lærarprofesjonen meir og meir.

I dette vil du også bli kjend med satsningsområda til skolen som er: Klasseleiing IKT, Lokalt læreplanarbeid. Du vil sjå korleis praksislærar og praksisskolelærarane jobbar innanfor desse.

SOL og læringsstrategiar er spesialkompetanse i Gjesdal kommune, og lesing er dermed eit viktig satsingsområde på Oltedal skole. Vi ser at lesing som ein av dei grunnleggjande ferdigheitene, må ha fokus i all undervisning og læring.

Hos oss på Oltedal skole brukar vi SOL (Systematisk observasjon av lesing) som eit godt verktøy for å jobbe strukturert med lesing. Elevane vert SOLa med jamne mellomrom. SOLinga går då ut på at ein kartlegg elevane sine kunnskapar i lesing og legg dette inn digitalt. Vi får då fram korleis eleven ligg an i forhold til det nivået han/ho burde vere på i forhold til alderen. Dersom ein elev slit, vil dette vise godt i skjemaet, og vi vil få ei rekkje forslag til tiltak som kan setjast inn for å hjelpe eleven å "klatre" i SOLpyramiden. Det har vi gjort i mange år nå, og vi har gjort oss gode erfaringar med å bruke SOL. Vi er ein 1-10 skole, og det gir oss høve til å sjå eleven si leseutvikling gjennom heile grunnskolen.

SOL er ein av tinga vi vil kurse deg som student i, då vi meiner dette er eit reiskap som er nyttig for deg å kjenne til.

I samband med arbeidet med SOL i Gjesdal kommune vart det også laga ein plan for bruk av ulike læringsstrategiar. Det er ikkje berre den tekniske lesinga til elevane som vert kartlagt. Også elevane si leseforståing vert testa. På Oltedal skole arbeider vi systematisk i arbeidet med å lære ulike strategiar, men og med at elevane sjølv skal kunne velje kva for ein strategi som vil passe til ulike fag og ulike lærings situasjonar. Dette målast og i punkt 8-10 i SOL-pyramiden.

Vår modell for leseutvikling



I alle studieåra vil du møte dei tverrgående temaene. Desse er også viktige perspektiv i innhaldet i praksisstudiet. Hos oss vil dei liggje til grunn for planleggjing av både enkelttimar og større undervisningsopplegg og inngår i alle fag.

Vurdering: Elevane våre er vant med VFL, og dette er eit prinsipp vi vil bruke saman med deg som student også. Det inneber at du her på Oltedal skole skal ha jamne tilbakemeldingar på kvaliteten på det du gjer i praksis her hos oss. Du skal sjølv vere involvert i å vurdere deg sjølv og eige arbeid. Du skal også få råd om korleis du kan forbetre deg. Vi vil søkje å formulere klare og tydelege mål for deg som student.

Tilpassa opplæring: Opplæringa her hos oss blir lagt opp etter den einskilde students særlige behov. Eller etter kor langt du har kome i å utvikle deg i praktiske ferdigheitene dine når det gjeld den profesjonelle lærarrolla. Hos oss jobbar vi med tilpassa opplæring i utviklingstida, i team og i temaplanarbeid. Variasjon i opplæringa vil gjere at dei fleste vil få ei tilpassa opplæring. Derfor skal du som student få kjennskap til ulike **arbeidsformer** som dei skal prøve ut i praksis her hos oss.

Dei grunnleggjande ferdigheitane: Å lese, rekne, utrykke seg munnleg og skriftleg og å kunne gjere bruk av digitale verktøy er viktig å få inn i rettleiinga av deg som student. Korleis utviklar vi dei grunnleggjande ferdigheitene til elevane i ulike fag og i ulike timer? Du vil også få sjå korleis vi legg vekt på desse ferdigheitane i temaplanane våre.

Danning: "Elevane skal få best mogleg læringsutbytte" er eit kontinuerleg mål hos oss på Oltedal skole. Det å skape gode og trygge arbeidsrammer for elevane er ei særskilt viktig rolle for oss lærarar, og dette er noko vi må arbeide med kontinuerleg.

Det fleirkulturelle perspektiv: På vår skole er fleire nasjonalitetar representert, og det er viktig at ein som lærar og student tek omsyn til dette i undervisninga. Du vil få sjå god integrering i praksis, samt moglegheiten for å delta på særskilt norskopplæring.

Samisk: Du vil få innblikk i korleis samisk og samisk kultur kan integrerast i tema om samane.

I praksis på hos oss vil du få ta del i arbeid med relasjonsbygging mellom lærar-elev, men også elevane imellom og lærarar imellom. Vi krev at alle på skolen viser *respekt* og at dei viser at vi alle er *likeverdige* uavhengig av kjønn, religion, seksuell legning eller utsjånad. Det er vår rolle som vaksne og som lærarar å modellere dette for elevane. Elevane ser på kva vi gjer, korleis vi ter oss mot andre elever, men også mot andre vaksne som arbeider på skolen. Dette gjeld sjølvsagt også dei føresette.

Vi er i ei rolle der vi har innverknad på mange unge menneske, og vi må derfor utvise *profesjonell integritet* i våre møter med både elevar og føresette. Lærarar ventar at elevar skal stille førebudd til timar og at dei skal vere aktive, ha med seg dei rette tinga, og ikkje minst, vere på tida. Dette gjeld sjølvsagt også det tilsette ved skolen. Alt vi gjer i og rundt ei undervisningssituasjon vil elevane sjå, og dei ser i mange tilfelle på dei vaksne som modeller for korleis dei sjølv skal oppføre seg. Vi skal som profesjonelle vise at arbeidet vårt er fagleg fundert og at vi til ein kvar tid vil arbeide med å vere fagleg og pedagogisk oppdaterte. Gjennom *initiativ* og *samarbeid* med kollegaer og i pedagogisk utviklingsarbeid vil vi kunne halde eit høgt fagleg nivå og eit fokus på viktigeita av å vere oppdatert.

Lojalitet er også eit ord vi vil ha fokus på i praksisperioden hos oss. Det er viktig at ein som lærar er lojal overfor læreplanar og andre ting som ligg utanfor vår påverknad. Vi må også støtte opp om dei retningslinjene skoleleiinga har lagt for skolen. I personalet på skolen, uansett kva rolle ein har, er det også viktig med lojalitet og respekt.



Vurdert og rettleia praksis

Du vil få observere og ta del i ei rekkje ulike praksisar når det gjeld vurdering hos oss. Vi arbeider med *vurdering for læring* for å hjelpe elevane vidare i læringsprosessen. Vi ser korleis elevane arbeider, korleis dei tilegner seg stoff og korleis vi på best mogleg måte kan leggje til rette for at elevane individuelt skal få best mogleg læring. Dette er noko vi legg til grunn når vi skal vurdere deg som student.

I arbeidet med vurdering for læring er det viktig at du veit kva det er du skal lære. Vi skal gi deg tydelege læringsmål for periodar, men òg nokre gonger for enkelte timar. Same morgon skal du levere ein didaktisk tekst til den undervisningsøkta som du eller studentgruppa skal ha seinare på dagen.

For at du skal få godt læringsutbytte i praksisperioden hos oss, er det viktig at du får tilbakemeldingar undervegs i arbeidet. Då kan du gjere endringar undervegs i arbeidsprosessen. For å kunne gjere desse endringane må du få konstruktive og forstålege tilbakemeldingar. Dette oppnår vi gjennom å gje deg ulike typar tilbakemeldingar:

- "I forbifarten"
- Læringsamtalar - aleine og i grupper.
- Skriftlege tilbakemeldingar

Når du har kome halvvegs i sin praksisperiode, er det tid for formativ vurdering av studentane. Det er då viktig for oss at du er aktiv i vurderinga. Vi tek utgangspunkt i måla frå rammeplanen og samtaler rundt dei. Vi stiller kvarandre spørsmål som "Kva kan du no?", "Kva skal du ha tileigna deg etter endt praksisperiode?" og "Korleis skal du nå måla?". For å få ein didaktisk og metakognitiv samtale, er det viktig at både praksislærar og du som student vurderer læringsutbyttet.

Etter endt praksisperiode, vil du få ei summativ vurdering - bestått/ikkje bestått. Du vil også få ei vurdering som fortel kva du må jobbe vidare med fram mot neste praksisperiode.




Variert praksis

På vår skole ønskjer me at studentar og skolen saman skal arbeida for å få ein variert praksis. Du kjem til å vere med ein praksislærer, samstundes som du skal få vere til stades og observere hos andre lærarar ved skolen, for å erfare variert lærararbeid. Saman skal du og våre lærarar dyrke fram ein god og variert yrkeserfaring hos deg.


- Du vil få vere med i timar på fleire trinn på skolen, noko som vil gje deg moglegheit til å sjå korleis ein må førebu seg på ulike måtar etter kva for eit klassetrinn ein er på, men og etter kva for ei elevgruppe ein har. Vi er ein 1-10-skole, og du vil derfor få god moglegheit til å vere på dei trinna som du ønskjer praksis i.
- Hos hos vil du få vere med i ulike fag med ulikt innhald. Vi meiner det er viktig at du får sjå at ein ikkje alltid berre får undervise i fag som ein har djupast fagleg kvalifikasjon i, men at ein nokre gonger må ta timar som kanskje ligg litt utanfor komfortsona di. Dette gjer og at du må vere tilpassingsdyktig, noko som er ein god eigenskap for ein lærar.
- Du vil vere med både praksislærarane, men òg med dei andre praksisskolelærarane. På den måten vil du få sjå ei rekkje ulike læringsstilar, noko som kan vere til hjelp når ein sjølv skal finne sin læringsstil.

Arbeidsmåtar

For å lære å bli lærar er det viktig å få erfaring med mange arbeidsmåtar. Du vil saman med praksislærer og dei andre praksisskolelærarane få observere mange typer arbeidsmåtar. I lag med praksislærer vil du få planleggje og gjennomføre desse i klasserommet.



- Du vil få vere med å leggje opp eit undervisningsopplegg som har fokus på PRUV. Undervisningsopplegget vil då vere Praktisk, Relevant, Utfordrande og Variert, og dette er med på skape motivasjon hos elevane. Vi bruker PRUV frå 1.-10.klasse, og PRUV er òg synleg på temaplanane til skolen.
- Du vil få anledning til å observere, planleggje og gjennomføre undervisningsopplegg i begynnaropplæring. Her vil du få bli kjent med ulike arbeidsmåtar.



- Hos oss vil du få vere med i arbeidet med det psykososiale læringsmiljøet. Du vil få gå vakt i friminutta, observere AL-leikane i storefri, og du vil få sjå korleis vi bruker nettportalen klassetrivsel.no i utviklinga av læringsmiljø. Du vil få vere med på jobbing med "Zippys venner" i 1.-4.klasse, "Smart oppvekst" i 5.-7.klasse, og "Livsmestring i skolen" i 8.-10. klasse.
- Du vil få høyre vår erfaring med og dersom det passar, vere med på møter med dei ulike samarbeidspartnarane i skolen. Til dømes helsesystemer, BUP, PPT og barnevern.
- Du vil få bli satt inn i korleis skole - heim samarbeidet er hos oss. Du vil bli kjent med korleis vi arbeider med førebyggjande tiltak når det gjeld mobbing. Du vil også bli kjent med korleis vi handterer ulike mobbesaker som me får.
- Du vil få vere med på SOL-arbeid, både gjennom opplæring i SOL-ing, gjennom SOL-ing av elevar, gjennom registrering av SOL-resultat i skjema og i den digitale SOLa, men også gjennom etterarbeidet - "kva gjer vi med denne eleven som slit med..."

Progresjon

Gjennom ein variert, rettleida og vurdert praksis, håper vi på fagleg og didaktisk vekst og progresjon hos deg som student så vel som hos praksislærarane og praksisskolelærarane. Du vil her hos oss gjere alle aktivitetar saman med ein av lærarane våre. Det er optimalt at du observerer og opplever lærerkvardagen på alle plan: på arbeidsrommet og lunsjrommet, i gangen, i friminuttet, i utviklingstida og i klasserommet.

Avhengig av kvar du er i utdanningsløpet, skal du delta i ulik grad i læringsarbeidet. I samråd med praksislærar, vil ansvarsområda dine bli utvida, slik at du skal få ein tilpassa progresjon.

Gjennom progresjon i praksisstudiet håper vi du vil kunne vekse, at du skal få betre og betre innsikt i læraryrket og at du skal føle deg meir og meir komfortable i lærarrolla og oppnå ein profesjonskompetanse tilsnitt.

